



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-21
Journalpostid: 21/10387

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode
K1-033

Dato:
08.11.2021

Møtebok 08.11.2021 kl. 10.00 – 11.30

Frammøte: Frode Eriksen, Marete Sæbø, Harald Næss, Johanna Håbrekke, Sigrid Bu, Ole-Johnny Odland.

Ikkje møtt: Magnar Røise
Personleg vara, Aslak Læreid, møtte.

Sak 38

Godkjenning av møtebok

Det var merknader til møtebok frå 7.sept. Møteboka var ikkje tydeleg nok på kva som vart omsnakka på synfaringa ved bygdaheimen. Møteboka mangla og meir om tidspresset i samband med levering av treningsapparat til avtalt pris. Her var me avhengig av å få formelle vedtak i tide slik at bestilling kunne iverksetjast. Med desse merknadene vart møteboka godkjent.

Sak 39

I samband med «Leva heile livet» og ut på middag

Kommunen har arrangert middag for personar over 65 år. Det er eit godt tiltak, men det er ikkje lett å få ut informasjon til alle som kunne hatt glede av dette tilbudet. Kjellaug Enge var med oss på møtet og fortalte meir om tilbudet. Tiltaket er opplyst gjennom aviser, heimesida, oppslag på butikkar og via heimetenesta. Likevel er det nokre som ikkje får med seg at det finst eit slikt tilbud.

For å strekkja seg så langt det er mogleg, vil og frivillige oppsøka personar som ein kan tenkja seg ikkje veit om dette og tilby både skyss og hyggjeleg selskap dersom dei ynskjer å delta på desse tilstelningane. Vanskjelegast er det å nå mannfolka, difor må tilbudet formidlast der dei oppheld seg.

Sak 40

Datakurs

Det har vore datakurs for eldre ved ujamne mellomrom i mange år. Dei siste åra har tilbudet vore lagt til biblioteket og primus motor Timo Knoch. Det har vore vellukka.



Dette er ei oppgåve som i utgangspunktet ikkje ligg til biblioteket, men har vore ei ekstra teneste som mange har hatt glede av.

I Ulvik har dei hatt såkalla «drop in -tilbod» med gode erfaringar. I Eidfjord er det no uklart kven og kvar eit slikt tilbod kan gjennomførast. Kjellaug Enge frå bygdaheimen har forslag om at Evjo aktivitetssenter kan ha datakurs i ulike tema, t.d. bruk av appar som Skyss og Vy og andre. Ho vil undersøka vidare for å kunna konkretisera eventuelle tilbod.

Marete Sæbø vil snakka med biblioteksjef Timo Knoch og kultursjef Bergljot M.V. Hauso for å sjå om det er mogleg å vidareføra eit tilbod på biblioteket.

Sak 41

Status treningsapparat ved bygdaheimen

Apparatet er no bestilt og teikningar til fundament for apparatet er sendt til Drift & Forvaltning. Det som kan synast å ikkje vera heilt avklart er plassering av apparatet. For å hindra mogleg mistyding, tek ordførar Anders Vatlø kontakt med styrar på bygdaheimen for å presisera kva råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne meiner om dette.

Skal det i framtida monterast fleire apparat, er det også viktig at me søker økonomisk tilskot utanom kommunen, t.d. sparebankstiftinga. Her vert det utlyst midlar 2 gongar i året. Neste frist er februar 2022.

Sak 42.

Ordførar svarer på spørsmål frå rådet.

Rådet er ikkje nøgd med rutine kommunen har med vidaresending av relevante saker til vurdering og uttale. Me håper det kan gjerast endringar som syt for at alle saker som er av interesse for råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne automatisk vert tilsendt leiar og sekretær for rådet. Dette er viktig for at rådet skal kunne gjera ein god jobb og passa på interessene for våre grupper. Det ligg eit forslag i kommunen som ser på moglegheiten for at råd som vårt kan få talerett i kommunestyret. Dette vil gje ein ny og spanande påverknadsmoglegheit for rådet. Det har vore uklart om korleis taxi-tilbodet skal fungera i kommunen. Etter at Eidfjord ikkje lenger hadde eiga taxi-næring, har kommunen hatt eit tilbod gjennom Granvin taxi som har hatt ein bil i Eidfjord. Dette fungerer visst greit, men det vert understreka at det er marknaden som bestemmer kvaliteten på taxi-tilbodet framover. Vert det ikkje tilfredsstillande, kan fylkeskommunen og Eidfjord kommune saman oppretta ei konsesjonsordning for å fylla etterspørselen.

Sak 43.

Ymse


Leier i rådet har fått tilsendt heftet «Håndbok i aldersvennlige lokalsamfunn»

Sekretær prøver å få tak i fleire eksemplar frå KS.

Kommunen utarbeider parkeringsforskrift som skal gje betre og meir forutsigbar parkering mellom anna ved Tinnhølen, Hjølmoberget og i Eidfjord sentrum. Dette er etterlengta og positivt.


Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Sigrid Bu

Marete Sæbø



(leiar)

Sigrid Bu



Med venleg helsing
Eidfjord kommune



Glenn Wiik
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok